

Eidfjord nytt

FOTO: Eric Kuijf



Side 3 | HARDANGERVIDDATUNNELENE AS

Side 8 | ANETTE BØRVE HERNES
JUNIORVERDSMEISTER

Side 11 | KOMMUNE- OG FYLKESTINGVALET 2015



Kommunestyresaker

Det nærmar seg slutten på valperioden 2011-2015. Når neste Eidfjordnytt kjem ut, er eit nytt kommunestyre i gang med ein ny spanande periode.

Det største som har skjedd i inneverande periode er utan tvil opninga av Hardangerbrua. Dette er eit prosjekt som alle i Eidfjord har slutta opp om i lang tid. Alle partia har vore aktive og arbeidd målretta mot sine representantar både i fylkestinget og på Stortinget. Me har vore uthaldande og tålt nederlag før det gjekk bra til slutt.

Snart to år etter bruopninga ser me at reisemönsteret har endra seg vesentleg, og ført til auka trafikk gjennom Eidfjord. Næringslivet som er avhengige av dei reisande hadde ein god sommarsesong i fjor. Eg håpar at me som bur her heile året ikkje i for stor grad vert freista til å handla andre stader, no når me enkelt kan reisa til Voss eller Bergen når det passar oss. Dei store butikkjedene lokkar med varer som kanskje kostar litt mindre enn dei lokale butikkane kan tilby. Eg vil likevel oppmoda alle til å nytta det lokale næringslivet så langt det let seg gjera, og på den måten sikra at dei tilboda me har er liv laga.

Hardangerbrua er ikkje eineståande som prosjekt som tek lang tid å realisera. Nasjonale turistvegar har i snart 20 år arbeidd med å få på plass ikonpunktprosjektet ved Vøringsfossen. Både planprosess og finansiering har vore ei utfordring. No er det meste endeleg på plass og arbeidet tek til i sommar. I løpet av den komande fireårsperioden skal det investerast rundt 200 millionar kr. på nye, sikre utvikkspunkt og ei spektakulær bru over Bjoreio like ovanfor Vøringsfossen. Alle prognosar går ut på at dette vil gje auka merksem til vøringsfossområdet og nye reisande til Eidfjord og Hardanger.

Ikkje alle saker som kommunestyret har hatt på sakskartet treng like store økonomiske utteljingar som Hardangerbrua og vøringsfossprosjektet. Ei viktig sak for innbyggjarane i Eidfjord er å ha tilgang på gode helsetenester både lokalt og sentralt. Så lenge me har hatt fritt sjukehusval har dei som bur i Eidfjord i større og større grad teke i bruk sjukehustenester på Voss og i Bergen. Det var difor ei god sak for oss at me omtrent samtidig som bruopninga fekk overgang frå Helse Fonna til Helse Bergen.

Folketalet i Eidfjord har dei siste åra vore rimeleg stabilt. Det er sjølv sagt ei ynskje at me skal verta fleire, men med den sterke sentraliseringa me ser på mange område er det ikkje like enkelt å få til. Eg er likevel svært glad for at fleire unge familiar byggjer seg nye hus og satsar i Eidfjord sjølv om arbeidspllassen kanskje ligg i ein heilt annan kommune.

I Sysendalen viser statistikken at det vert bygd ca. 30 nye hytter kvart år. Ringverknadene av dette er gode både i Eidfjord og nabokommunane. Eit nytt privat selskap, Eidfjord Resort, arbeider med planar for å etablera eit nytt heilårs reiselivsprodukt på Fet. Her er det snakk om både eit stort alpinanlegg, ein ny fjellandsby og ein spennande attraksjon på toppen av alpinheisen. Om sommaren skal det same området leggjast til rette for mellom anna terrengsykling. Før dette kan verta ein realitet må det utarbeidast ny kommunedelplan for Sysendalen. Noverande kommunestyre har sett prosessen i gang, og det vert det nye kommunestyret som må slutføra denne planen.

Bygging av ny sjukeheim med fleire omsorgsbustader er eit anna stort prosjekt som det nye kommunestyret får i oppgåve å fullføra. Planarbeidet er godt i gang, og truleg vert det byggestart neste år. Byggjefasen vil nok by på utfordringar både for brukarar og dei tilsette. Men med ein ny og moderne institusjon i vente er eg viss på at alle ser fram til at dette vert realisert.

Stortinget har bede alle kommunane greia ut om noverande kommunestruktur er den rette til å møta nye utfordringar i framtida. Eidfjord kommune har starta ei utgreiing om dette i lag med Granvin-, Ullensvang - og Ulvik herad. Dette er kommunar som alt i dag har eit godt samarbeid på fleire område. Dersom det ikkje skjer store endringar i dei rammevilkåra me har i dag, vil eg tru Eidfjord kommune framleis vil vera i stand til å utvikla eidfjordsamfunnet på ein god måte utan endringar i kommunestrukturen.

Til slutt vil eg takka alle i kommunestyret for eit konstruktivt samarbeid i perioden som snart er over, og ein stor takk til alle tilsette som gjer ein innsats for at det er godt å bu i Eidfjord.

Ynskjer dykk alle ein god sommar !

Anved Johan Tveit
-ordførar-

Eid fjord Nytt vert utgjeven av
Eid fjord kommune, 5783 Eid fjord

Heimeside:
www.eidfjord.kommune.no

Tlf: 53 67 35 00
Fax: 53 67 35 75

Epost:
postmottak@eidfjord.kommune.no

Redaksjonsnemnd:
Glenn Wiik
Aud Opheim Lygre
Brynjulf Mugaas
Gunn Sandvik
Lisbet B. Celik

Grafisk Produksjon:
Voss Prenteverk
Grafiske Tenester AS

INNHOLD

- 3** Ny dagleg leiar i Hardangerviddatunnelene AS
- 6** Hardangerbrua Musikklag
- 8** Anette Børve Hernes, juniorverdsmeister
- 9** Ny fastlege
- 10** Toneskredo
- 11** Kommune- og fylkestingvalet 2015
- 13** Nytt frå Destinasjon Eid fjord
- 17** 17. mai
- 19** Rimelegare barnehage for hushald med låg inntekt
- 22** Ny dagleg leiar i Mix Kroa
- 23** Endring i motorferdsellova
- 25** Klimapilegrimar
- 26** Eid fjord brannvesen
- 28** Påbygg til skyttarhuset
- 29** Sumarhelsing frå kulturkomitéen

“ OG DU VEIT JO KVA SOM SKJER NÅR HARDINGEN HAR BESTEMT SEG FOR NOKO

Hardangervidda tunnelene AS

Har du klave får du ku, er det nok som heiter. Og mange var det nok som kjende seg trygge på at rv 7 over Hardangervidda ville verta prioritert når berre Hardangerbrua var på plass. Men så enkelt var det ikkje. Statens vegvesen si aust-vestutgreing går inn for alternativa E 134 over Haukeli og R 52 over Hemsedal, og dermed er me tilbake til start for Indre Hardanger og kommunane på austsida.

Så får me sjå om denne mannen, Harald Victor Hove, får fart på sakene. Han er tilsett som dagleg leiari i Hardangerviddatunnelene AS og har som målsetjing å få prosjektet inn i Nasjonal Transportplan (NTP) i 2017. For å få til det er han avhengig av politisk støtte, støtte fra næringslivet og frå opinionen (det er DEG).

Han er ikkje åleine. Hordaland fylkesval vil prioritera E 134 over Haukeli og Rv 7 over Hardangervidda. Dette vil stetta landsdelsbehova best, meiner dei. Referansegruppa til Statens vegvesen meiner at vinteropen Rv 7 er best for næringsutvikling og ein større arbeidsmarknad.

Harald Victor Hove har solid utdanning og politisk røynsle frå 12 år i Bergen bystyre for Høgre. No var han klar for ei ny utfordring. Han kjenner det politiske stammespråket, har mange kontaktar og veit mykje om politiske strategiar. Og målet om ein trygg og vinteropen veg over Hardangervidda krev ein gjennomtenkt og velorganisert strategi. Det er langt fram sjølv om det går veggen.

Han legg stor vekt på framtidas nærings-

Ny dagleg leiari



NAVN: HARALD VICTOR HOVE

ALDER: 32

12 ÅR I BERGEN BYSTYRE FOR HØGRE

MÅL: FÅ PROSJEKT HARDANGERVIDDA-TUNNELEN I NTP

utvikling. Noreg er inne i ein omstillingssprosess frå oljebasert økonomi til ein grønare økonomi. Me må skapa mange nye arbeidsplassar samstundes som me må ta vare på dei me alt har. For oss i Indre Hardanger vil turistnæringa vera eit døme på eit slikt satsingsområde. I tillegg har me Europa sin største villreinstamme å forvalta. Det er framlegg både om lang tunnel, fleire mindre tunnelar og andre kombinasjonar for å sikra veggasbandet og dyrelivet best mogleg. Her vert det skjønsmessige vurderingar og usikre økonomiske overslag. For korleis skal ein prissetja verdien av friluftsliv, naturmangfold, kulturlandskap og livskvalitet?

Harald Victor Hove er ikkje så oppteken av å rekna på kva dei ulike alternativa vil kosta. Han synst det er mykje viktigare å leggia til rette for framtida. Ein trygg og vinteropen Rv 7 over Hardangervidda vil vera ein viktig føresetnad for at det skal bløma i Hardanger også i framtida. For næringslivet både i aust og vest vil forutsigbar vinteropen Rv 7 vera svært viktig for etablering av nye arbeidsplassar og tryggleik for dei som alt finst.

I juli 2017 får me svar på om han har lukkast i jobben. Då må Hardangerviddatunnelene AS ha fått plass i NTP. Dersom delmålet vert nådd, kan me kanskje sjå fram til tryggare, kortare og vinteropen veg over Hardangervidda midt på 2020-talet. Og du veit jo kva som skjer når hardingen har bestemt seg for noko.

Hardangerbrua vart reist sjølv om «alle» jobba imot ho, så der det er vilje er der håp, smilar Hove.




Vennskaps benken.

Me har ein benk, ein spesiell benk. Den bruker me dersom me ikkje har nokon å leika med, eller me har masse idéar. Om nokon ser nokon som sit på den benken, så tek han dei med i leiken. Vennskapsbenken er grøn. Den er gøy å bruka dersom me vil vera med alle!

TEKST: Henning Akerholt Syvertsen FOTO: Rosa Mislata

Nordljos

I vinter har nordljoset ved fleire høve vore så kraftig at ein har kunne sjå det i heile Sør-Noreg. Mykje dårlig ver har likevel gjort det vanskeleg å sjå dette flotte ljosenomenet i Hardanger. Men nokon netter med klårver har det vore, og natta til 17. april kunne dei som var ute sjå nordljoset flamme over Eidfjord i eit fantastisk fargespel. Foto: Rosa Mislata



Nytt fra Sysendalen Hyttevel- forbund

Anita Nybø ble på årsmøte i Sysendalen Skisenter AS i april 2015 valgt inn som nytt styremedlem. Hun er innvalgt som hyttefolkets representant og styret i Sysendalen Hyttevelforbund er veldig tilfreds med dette. Anita har hytte på Maurset og har bred ledererfaring fra reiselivet fra selskaper som Scandic, Berg-Hansen og SAS. I dag innehar Anita stillingen som daglig leder i Floibanen AS som er Bergens største turistattraksjon og en av Norges best besøkte attraksjoner med ca 1,4 millioner påstigninger.

Sysendalen hyttevelforbund mener Anita har meget gode forutsetninger for å tilføre skisenteret nyttig kompetanse gjennom styrearbeid og dermed bidra til å fortsette den positive utvikling av skisenteret og løypekjøring til beste for innbyggere og hyttefolket i Eidfjord kommune. Hyttevelforbundet er veldig tilfreds med jobben som er gjort siste året av styret i Sysendalen Skisenter AS og av driftsselskapet Hardangervidda Ski og Fjellsport AS. Vi har samarbeidet godt i løypelaget og hyttefolket og innbyggere i Eidfjord har bidratt til at årets innbetaling til løypeavgift er rekordstor. Eidfjord kommune bidrar i likhet med Hardangerstiftinga og andre stiftelser også med økonomisk støtte og godt samarbeid for videre utvikling. Det gode samarbeidet fortsetter og arbeidet med merking av løyper, grunnarbeid og utvikling til det beste for brukere av Sysendalen vil fortsette i 2015.



Anita Nybø

GOD SOMMER!



Evjo aktivitetssenter

Det var offisiell opning av Evjo aktivitetssenter laurdag 18.april. Reidar Gjøtterud ynskte velkommen og det vart gjort stas på trufaste medlemer, gode hjelparar og frammøtte gjestar. Lokala har blitt veldig fine og kjem heilt sikkert til å verta både turvande aktivitetssenter og hyggjeleg sosial møteplass. I skrivande stund har dei 37 medlemer, men det er plass til deg også. Det er ikkje noko fast opningstid i juli, men frå august vert det faste dagar. Då må du sjølvsgått stikka bortom og sjå kor fint dei har fått det og kor kjekt det er å vera der.

1
mykke godt utstyr står og ventar på deg
på snikkarverkstaden.

2
variert og flott produksjon på vevstova.

3
trubadurane Steinar Elvebak og Einar
Nesheim stod for kjekk
underhaldning.

4
Svein Seim, lengstverande medlem og
heidersmann fekk æra av å opna det nye
senteret.





Hardangerbrua Musikklag

Det har vore eit minneverdig halvår for Hardangerbrua Musikklag. Saman med Voss Musikklag sette me opp heilaftens show med middag og dans i Eidfjord samfunnshus. Dette vart ein strålende kveld med fullsett sal! Musikkлага leverte god gamal countrymusikk, med god hjelp av Twang Gang og Husmødrene frå Lofthus. Me hadde også med oss Voss Dansekompani som sette liv til musikken. Kokken Arthur leverte nydeleg middag til over 100 svoltne gjestar mellom konsert og dans. «Dette må de gjera igjen», var orda me fekk høyra utover kvelden og dagane etter. Og det skal de ikkje sjå vekk ifrå!

Alt i alt var det over 250 musikklade gjestar innom i løpet av kvelden, og alle gjorde sitt til at det vart ein svært triveleg kveld for både arrangørar og gjestar. Det var mange tilreisande både frå fjorden og

Voss, men for at alle skulle få ta del i all den flotte musikken me hadde øvd inn, tok me ein konsert til på Voss kulturhus ein månad etterpå. Også her fekk me godt oppmøte, på opp mot 100 gjestar, og hausta gode tilbakemeldingar.

Det har vore svært kjekt å ha eit slikt nært samarbeid med Voss Musikklag. Saman lagar me masse godlyd! Me håpar, og har også tankar, om vidare samarbeid. Me startar komande haust med planar om felles jolakonsert, og kjem så til å sikta mot ei ny storsatsing våren 2017. Går du og vurderer om dette er noko for deg, er det med andre ord lurt å byrja til hausten. Då kan du vera med på planlegging og øving fram mot eit nytt show!

17.mai var det sikkert nokre ukjende fjes for mange eidfjordingar. I år stilte nem-

leg representantar frå heile musikklaget opp, og ikkje berre «eidfjordgjengen». Me var ikkje så mange, men også her gjorde me ein god figur. Me fekk mange gode tilbakemeldingar etterpå. Tusen takk til kommunen som også i år spanderer ein betre middag på oss som takk! Tusen takk også til Marianne og Ågot som stilte med trommer i toget på Bu. Det sette me stor pris på!

No skal me avslutta sesongen med konsert og sommarfest på Bu. Til hausten ventar nye utfordringar, og me håpar at me ser nye ansikt i rekken. Me har alltid plass til fleire!





Anette Børve Hernes 17

Juniorverdsmeister i hundekøyring

Det er klart at Eidfjord er stolt over å ha ein slik flott representant. No er det sjølv sagt ikkje slik at Eidfjord kommune og me andre som bur her skal ta æra for ein slik fremragande prestasjon, men du veit....me soler oss alle litt i glansen.

Det er ikkje tilfelleleg at Anette er så god. Det er eit resultat av systematisk trening gjennom mange år. For sjølv om Anette er ung, så har ho mykje erfaring med hundar og hundekøyring. Far hennar, Alf Einar, har vore i toppen i hundekøyring i mange år og har delteke m.a. i Finnmarksløpet. Det er pappa som har lært meg alt eg kan om hundar og hundekøyring, seier Anette. Og skal du hevda deg i denne sporten må du snakka hundespråket, ha

dei rette personlege eigenskapane og vera i god form sjølv. Du må vera villig til å investera mykje tid, verta kjend med kvar einskild hund og kosa masse med dei. Alt dette passar på Anette. Skal hundane vera villige til å gje alt, må dei vera glade i sjefen.

Juniorverdsmeisterskapen går over 200 km. Anette køyrer 6-spann og bruker pappa sine Alaska Huskey. Dette er sterke og uthaldande hundar og den vanlegaste rasen i hundekøyring.

Anette stod på sleden og sparka store delar av distansen, i oppoverbakkane sprang ho - alt for å spara hundane mest mogleg. På den relativt korte distansen i juniorklassen vert det tett mellom delta-

karane og då er det ekstra viktig å ha det lille ekstra. Ho går på toppidrettsgymnas med volleyball som spesialitet og held seg i toppform.

Anette er snart 18 år og då er det seniorklassa som gjeld. Konkurransen er hardare her, men Anette har ambisjonar om å hevda seg på sikt. No først vert det fokusert på å gjera alt riktig og å gjennomføra løpa på ein god måte. Tolmot og evna til å halda fast på målsetjingar over tid er heilt avgjerande om du skal oppnå noko i denne flotte sporten.

Draumen er å starta med eigne hundar. Anette er ei målbevisst ung dame som har alt som skal til for å verta ein utfordrar for dei beste. Det vert spanande å fylgja med i åra som kjem.

“ EIN LEGE MÅ KUNNE
SNAKKA OM ANNA ENN
VERET.

Malin K. Myklathun

Livet er fullt av tilfellelege samanreff. Malin hadde sikta seg inn på vestlandet som aktuelt arbeidsområde, men at det vart Eidfjord var berre flaks. Loddtrekning av turnuskanandidatplassar førte henne hit. Då perioden gjekk mot slutten vart det brått ledig legestilling. Så tok det eine det andre og ikkje lenge etterpå var ho fast tilsett som kommunelege.

Malin bestemte seg tidleg for å verta lege. Etter vidaregåande skule studerte ho psykologi og sosiologi ved universitet i Oslo, men det var berre oppvarming til legestudiet ved universitetet i Tromsø 2007 – 2013. Etter fullført utdanning var ho turnuslege på medisin/kirurgisk avd. på Voss sjukehus og kom deretter til Eidfjord som turnuslege i september 2014.

Malin har filosofert over korleis pasientane ville møta henne...ville det verta rart å gå til ein lege dei kanskje kjende då ho var lita jente? Som dei gjekk saman med på skulen? Som hadde henne som elev? Heldigvis er det slik at dei fleste bekymringar vert det aldri noko av. Det har gått veldig bra og Malin trivst godt

Ny kommunelege
i Eidfjord



NAVN: MALIN K
MYKLATHUN
ALDER:30

PSYKOLOGI OG SOSIOLOGI
VED UNIVERSITETET I OSLO,

i jobben. Ho skryt av dei andre på helseavdelinga og fortel om kor godt dei har teke imot henne og om godt samarbeid.

Det er mange fordelar med å kjenna og forstå lokalsamfunnet og folket som bur der. Ein lege må kunne snakka om anna enn veret. Ofte er det samansette utfordringar, og då er kanskje kunnskap om den einskilde si personlege historie og bakgrunn like viktig som kjemiprodukta frå apoteket.

Malin liker godt å trena og å laga mat og vera aktiv på ulike måtar. Ho er óg veldig glad i kunst og kultur og går gjerne på utstillingar og konserter. Eidfjord har ikkje noko å skamma seg over på desse områda.

Eidfjord kommune har eiga turnuslegeleileighet i COOP-bygget. Her har Malin budd fram til no. Ny turnuslege skal inn og Malin må finna annan stad å bu. Det ordnar seg nok på ein god måte får me tru. Så håper me at Malin held fram med gjerninga i heimbygda til ho vert pensjonist.



“ MEST AV ALT TEL GLEDA
OVER Å SYNGJA I LAG
MED ANDRE.

“ ME HAR FOKUS PÅ AT DET SKAL
VERA KJEKT OG SOSIALT PÅ
ØVINGANE VÅRE

Toneskredo

Toneskredo er eit blandakor fra Eidfjord med om lag 25 medlemmar som vart starta i 1990. Det er eit kor med variert program. I tillegg til eigne prosjekt, har koret hatt fleire prosjekt saman med profesjonelle aktørar, og nokre prosjekt saman med Chorus-80 frå Ullelsvang. Koret vert dirigert av bulgarske Detelina Deneva (Lynna).

Toneskredo har 25-års jubileum i 2015, og då kan ein gleda seg til fleire hyggelege stunder med koret. Den store jubileums-

konserten er spesielt viktig å merka seg. Den skal vere laurdag 24. oktober i Eidfjord med mange gjestar, m.a. Chorus-80, Vetlaskredo og Harmoni. Dette kjem til å vera ei gledeleg oppleveling for tilhøyrarar i alle aldrar!

Me vil fortsetja å vera ei kulturell kraft i bygda i mange år framover, men me er avhengig av at nye medlemmar, gjerne yngre krefter, kjem til. Ein treng ikkje vera over gjennomsnittet musikalsk for å vera med i Toneskredo. Mest av alt tel gleda over å syngja i lag med andre.

Toneskredo øver kvar onsdag kl 19:50 – 22:00 i Eidfjord kyrkje. Me har fokus på at det skal vera kjekt og sosialt på øvingane våre, og at me skal gleda publikum med songen vår. Ta kontakt med Marit Stadheim tel 47250120, så får du veta når me startar opp att til hausten.

Me ynskjer nye og gamle korentusiasistar hjarteleg velkomne til å vera med i Toneskredo!

KOMMUNE- OG FYLKESTINGVALET 2015

Måndag 14. september 2015 er det kommune- og fylkestingval. Førebuingsarbeidet er i gang. Eidfjord valstyre har godkjent følgjande fire lister til kommunevalet 2015:

• Den Norske Arbeidarparti

• Senterpartiet

• Høgre

• Venstre

Oversyn over listene og kandidatane:

Arbeidarpartiet

NR	KANDIDATNAVN
01	Medhus, Gunnvall
02	Hovland, Kari Tveit
03	Riber, Arild
04	Rokne, Liv Bente Stakseng
05	Knoch, Timo
06	Næsheim, Kjersti
07	Hop, Svein
08	Bratland, Helene
09	Ramsdal, Rolf Arne
10	Sæbø, Irene Bjotveit
11	Nordstrand, Per Inge
12	Bjotveit, Kari Sissel
13	Heen, Nils C Garatun
14	Bouvain, Kerstin
15	Riber, Asbjørn
16	Sæbø, Berit Riise
17	Eriksen, Bjarte Andre
18	Enge, Kjellaug
19	Eriksen, Einar
20	Weum, Margrethe K.
21	Eide, Willy
22	Håbrekke, Johanna
23	Brekke, Trude

Senterpartiet

NR	KANDIDATNAVN
01	Tveit, Anved Johan
02	Bu, Arne O.
03	Hereid, Monica Hagen
04	Sandstå, Eirin
05	Odland, Ole-Johnny
06	Hereid, Laila Langeland
07	Eidnes, Lars Kristian
08	Riber, Øyvind
09	Veka, Gunnvor Hopen
10	Øydvin, Asle
11	Garen, Tom Karsten
12	Eiken, Nina
13	Myklatun, Harald
14	Vatle, Anders
15	Bu Arne G.
16	Svardal, Arild Garen
17	Melkeråen, Beathe
18	Vaksdal, Anders
19	Varberg, Trude
20	Sæbø, Leiv Henry
21	Fiskå, Iselin Kleiveland
22	Sæbø, Geir Olmod
23	Bu, Sigrid

Høgre

NR	KANDIDATNAVN
01	Lægreid, Aslak Martin
02	Bleie, Anne Lise
03	Sæbø, Kai Arne
04	Aurdal, Sigurd
05	Kvamsdal, Tor-Arne
06	Røise, Magnar
07	Sæbø, Trygve
08	Eknes, Rine Margrethe
09	Garen, Gunnar
10	Myklatun, Atle
11	Garen, Nils
12	Medhus, Knut Johan
13	Maurseth, Leif Rune
14	Lægreid, Olav
15	Myrvang, Liv Synnøva Sæbø

Det er viktig å merka seg at vallokal-let i Eidfjord stengjer kl. 20.00 den 14. september 2015. Det må likevel understrekast at det vil vera mogeleg å røysta på førehand.

Manntalet i Eidfjord kjem til å verta lagt ut til offentleg ettersyn i byrjinga av juli. Det kjem til å ligga i resepsjonen på kommunehuset. Me kjem til å of- fentleggjera dette gjennom lokalpressa og på heimesida til kommunen.

Det er viktig å sjekka at du står i manntalet, då dette er eit krav for å få røysta til kommunevalet. Mogelege krav om retting av feil, krav om å førast inn i- eller strykast frå manntalet, må sendast skriftleg og skal stilast til: Valstyret i Eidfjord, Simadalsv. 1, 5783 Eidfjord. Ta elles kontakt for spørsmål.

Venstre

NR	KANDIDATNAVN
01	Dehli, Tonny
02	Herland, Hallvard
03	Garen, Tone Anita L.
04	Ramsdal, Jarand S.
05	Ramsdal, Kjell Gustav
06	Weum, Håvar
07	Hereid, Kjellfrid
08	Låte, Knut Endre
09	Solbakken, Møyfrid

Kommunestyret har vedteke å oppnemna formannskapet som valstyre. Anved Johan Tveit er valt til leiar og Aslak Lægreid til nestleiar. Valstyret har oppnemnt desse valmedarbeidarane til å ta imot førehandsrøystene og elles gje meir informasjon: Johanna Maria Hereid (sekretær valstyret), Britt Karin Langøy, Elsa Garatun, Gunnhild Sandvin, Ingebjørg Myklatun, Elisabet Joleik, Glenn Wiik, Knut Ingard Myklatun og Britt Conny Hagen. -Førehandsrøysting

Dersom du ikkje har høve til å røysta på valdagen, kan du røysta på førehand. Veljarar som ynskjer å førehandsrøysta, kan gjera dette f.o.m. mandag 10. august t.o.m. fredag 11. september. Det er veljarane sjølv som er ansvarlege for å gje førehandsrøysta si på eit tidspunkt som gjer at den kjem fram til valstyret innan valdagen 14. september 2015.

Valstyret i Eidfjord har bestemt at veljarar kan førehandsrøysta på kommunehuset i Eidfjord slik:

Perioden 10. august t.o.m. 11. september:
På kvardagar mellom kl.

08.00 – 15.00

Torsdag 3. og 10. september:

08.00 – 18.00

Laurdag 5. september:

10.00 – 14.00

Torsdag 10 september er det på Bygdaheimen med omsorgsbustadar:

10.00 – 14.00.

Eldre og andre som t.d. av helsemessige årsaker ikkje har høve til å koma seg til røystelokala, kan søkja om ambulerande røystegjeving. Slik søknad skal vera sendt valstyret innan onsdag 9. september 2015.

Tidlegrøysting:

Tidlegrøysting kan føregå i tida 1. juli t.o.m. 9. august. Dette er ei ordning som er meint for dei som ikkje har høve til å førehandsrøysta innanfor ordinær periode eller på valdagen. Det er likevel ikkje krav om at veljaren må dokumentera at han eller ho ikkje har høve til å førehandsrøysta eller til å røysta på valdagen. Ta kontakt med kommunen og be om å få røysta. Dette kan skje skriftleg eller munnleg, og veljarane har høve til å røysta i kva som helst kommune i landet, og ikkje krav om at det må skje i den kommunen veljaren er manntalsført.



KOMMUNAL- OG REGIONALDEPARTEMENTET

Viktige datoar:

- Manntalet vert lagt ut til offentleg etter-syn frå byrjinga av juli månad 2015.
- Valet er den 14. september 2015.
- Vallokalet i Eidfjord er denne dagen ope til kl. 20.00.
- Mandag 10. august startar mottak av førehandsrøyster.

Viktig å hugsa på:

Ved å røysta på eit parti, gjev du røysta di til dette partiet

Me minner om at:

- Du kan ikkje stryka kandidatar på ei liste

- Du kan gje ein eller fleire kandidatar ei personrøyst ved å setja eit merke (x) ved namnet.

- Du kan overføra inntil 5 kandidatar frå ei liste til ei anna.

Dette aukar ein kandidat sin sjanse til å verte vald. Ved å kryssa ved namnet til vedkomande, vil denne kandidaten få 1 personrøyst. Det er den kandidaten med det høgaste personlege røystetalet som vil verte vald inn som nr. 1. Partiet kan sjølv uthøva nokre av kandidatane sine. Desse kandidatane vil då få eit stemmetillegg på 25 % av røystene til partiet.

GODT VAL !

Destinasjon Eid fjord AS

Om Destinasjon Eid fjord AS

Me vil denne gongen informera litt generelt om Destinasjon Eid fjord AS, og brukar utdrag av årsmeldinga til selskapet som beskriv oppgåvane og verkeområda våre i løpet av året:

1. Destinasjon Eid fjord AS

Hausten 2004 kjøpte Eid fjord Utvikling av Reiselivslaget alle rettane til å drifta turistkontoret i Eid fjord. Destinasjon Eid fjord AS vart etablert i september 2004 av Eid fjord Utvikling. Destinasjon Eid fjord AS var fram til 31.12.2013 100 % eigmद av Eid fjord Utvikling AS, som var eit heileigd kommunalt selskap. Frå 01.01.2014 overtok Eid fjord kommune aksjane i Destinasjon Eid fjord AS. Selskapet si drift forutset eit nært samarbeid med det lokale næringslivet og kommunen på fleire nivå.

2. Verksemdas art og lokalisering

Selskapet sine verkeområde er:

- Turistkontor - drift og vertskapsrolle
- Cruisekai - drift, operasjon, mottak
- Produktutvikling - DE som pådrivar, verktøy og kompetanse-/ koordineringssenter
- Destinasjonsutvikling - DE som pådrivar, verktøy og kompetanse-/ koordineringssenter
- Informasjonsformidling/Marknadsføring av reisemålet Eid fjord - ekssternt og internt
- Selskapet er lokalisert i Eid fjord kommune.

2.1 Turistkontoret

ligg nær Eid fjord Cruisehavn og Gjestehavn, noko som er naudsynt for å vera godt synleg, spesielt for gjestar som kjem til Eid fjord utan bil (cruise- og hurtigbåt). Det er skilta til turistkontoret med

offentlege toalett frå riksvegen. Romslege lokale gjer at me kan ta i mot eit stort tal cruisepassasjerar samstundes og satse meir på varesal/billettsal. Destinasjon Eid fjord har ansvar for reinhald av dei 3 offentlege toaletta (eit dame-, eit herre-, eit handikaptoalett) i turistkontorbygget (Ekspedisjonen). Det er ikkje nok kapasitet til det aukande talet turistbussar som stoppar berre for å gå på toalettet. Det er ikkje plass til lager og møterom i turistkontorbygget i dag.

Mottaksapparatet på cruisekaia fungerer godt, likeins på turistkontoret. Her får me gode tilbakemeldingar. Turistkontoret har hatt desse faste opningstidene i 2014:

2. januar - 30. april og

1. sept - 31. des:

Måndag - fredag 9-16

1. - 31. mai:

Måndag - fredag 9-18

1. - 14. juni:

Måndag - fredag 9-18 og

laurdag 10-18

15. juni - 15. august:

Måndag - fredag 9-19

laurdag 10-18 og søndag 11-18

16. august - 31. august:

Måndag - fredag 9-18

laurdag 10-18

I tillegg har turistkontoret alltid ope ved cruiseanløp og dei timane hurtigbåten ligg til kai, også i helgane (dagleg 01.05. - 30.09.).

I tida 01.05. - 30.09.2014 hadde turistkontoret 25.983 førespurnader ved skranken, mot 26.785 01.05. - 30.09.2013. Dette er ikkje tal på personar. På dagar med cruisekip er det ikkje mogleg å notera talet på spørsmål, men det er gått ut i frå at 20% av passasjerar på skipet oppsøker skranken.

I august 2014 vart det montert kundeteljar på inngangsdørene til turistkontoret. Denne syner at 10.206 personar var innom turistkontoret berre i perioden 01.09. - 30.09.2014.

2.2 Destinasjon Eid fjord AS

har alle opp-gåver som høyrer til operativ drift av cruisebåthamna, medrekna

- ISPS
- Anløp og avgang av cruiseskip (booking, trossar, vatn), avfallshandtering og andre leveransar (etter formidling)
- Tilsyn og drift av anlegg/utstyr (kai, bygning, fortøyingsbåt m.m.)
- Mottaksaktivitet (velkomst, vertskapsfunksjonar, arrangement, guide-funksjonar / kontakt med agent, informasjon til butikkar og næringsliv).
- Kontinuerleg kontakt med samarbeidspartnarar (Reisemål Hardanger Fjord, Fjord Norge, Innovasjon Norge, Cruise Destination Hardangerfjord, Cruise Norway, Cruise Europe, rederi, agentar og shorex-turoperatørar o.a.).

Destinasjonen hadde 33 anløp i 2009, 49 anløp i 2010, 41 anløp i 2011, 49 anløp i 2012, 72 anløp i 2013 og 65 anløp i 2014. Ttal anløp er ein avgjerande faktor i inntektene til destinasjonsselskapet, då dette er den største inntektskjelda til selskapet. I 2015 har Eid fjord 53 anløp på lista, og pr i dag 45 melde anløp for 2016 (auke). Den tydelege trenden som har vist stor auke i tal passasjerar pr.skip har stagnert. Fleire flotte tilbod i destinasjonen, fokus på service (også ovanfor mannskapa om bord) og Cruise Destination Hardangerfjord si intense marknadsføring ovanfor rederia viser resultat. Innføring av såkalla "Emission Control Area" sør for 62. breddegrad frå 2015 har medverka til at talet på anløp vart redusert.





2.3

• Destinasjon Eid fjord fortsette tiltak mht. reiselivsutvikling og intern marknadsføring for reiselivs-relaterte bedrifter i Eid fjord, for å styrke relasjonen mellom destinasjonselskapet og bedriftene.

• Destinasjon Eid fjord innførte Fellesgodfinansiering med eigne avtalar med reiselivsrelaterte verksemder. 40 verksemder var med og betalte totalt kr 165.000 + mva i fellesgodfinansiering til Destinasjon Eid fjord. Tidlegare var bidraga til selskapet betaling for Marknadsføringsspakkar.

• Destinasjon Eid fjord engasjerte seg i utviklingsfasen av arrangement for å styrka grunnlaget for utvida sesong, spesielt administrative oppgåver for foreininga XtremEid fjord med "Expedition Amund-

sen" i februar/mars og Hardangervidda Marathon i september.

• Destinasjon Eid fjord fekk i 2014 støtte frå Gjensidigestiftinga og Hordaland Fylkeskommune til merking og gradering av turstiane Måbø museum – Måbøberget – Vøringsfoss Kafeteria og Simadal – Kjeåsen. Desse er forventa ferdig i 2015. Turstien Storagjel – foten av Vøringsfossen – Storagjel vart ferdig med informasjonstavler og merking i 2014.

• Destinasjon Eid fjord sto for guiding i Sima Kraftverk også i 2014 og hadde eit besøkstal på 5.893 personar i 2014 mot 7.391 personar i 2013.

• Destinasjon Eid fjord har bistått med rådgiving og hjelp til bedrifter vedrørande

FOTO: Pierre Chaton
produktutvikling og verdiskaping, spesielt i samband med cruiseanløp og Nasjonal Turistveg Hardangervidda.

• Destinasjon Eid fjord fekk Innovasjon Norge sitt kurs "Cruise - Produkt pakketering" til Eid fjord i mars 2014.

• Destinasjon Eid fjord gjennomførte ein "bli kjent" ettermiddag/kveld for verksemder og deira sesonghjelpar i juni 2014.

2.4

• I mai 2014 byrja Destinasjon Eid fjord å senda nyhende på epost kvar veke, til avtalepartnarar og andre viktige samarbeidspartnerar. "Fredagsnytt frå Destinasjon Eid fjord" vert godt motteke.

• I 2014 har Destinasjon Eid fjord lagt stor vekt på informasjonsformidling gjennom kanalar som nyhendebrev, internett og sosiale media. Me har oppdatert oversikt "Arrangement i Eid fjord" (norsk), sentrumskart med oversikt spaserturar og forslag i Eid fjord sentrum (engelsk, tysk) cruisemanualen "Eid fjord Cruise Port" (engelsk) og produktmanual for turopørar (norsk, engelsk). I tillegg har me oppdatert "Eid fjord-mapper" med informasjon til gjester og sendt ut til alle reiselivsrelaterte bedrifter i Eid fjord. Temafolderane "Sommarglede" (norsk, engelsk, tysk) og "Turglede" (norsk, engelsk, tysk) vart distribuert gjennom turistinformasjonane i Bergen og Hardanger, samt dei lokale verksemndene. Nettsida www.visiteidfjord.no (norsk, engelsk, tysk, nederlandsk) vart utvikla vidare og den viser ein formidabel auke i antal brukarar.

• Annonsering og presentasjon: Destinasjon Eid fjord annonserte i Reisemål Hardanger Fjord sin guide (norsk, engelsk, tysk) og på Reisemål Hardanger Fjord sine sider i Fjord Norge Reiseguide (ni språk) i samarbeid med 4 andre verksemder i Eid fjord. Me fortsette 3-års avtalen med Reisemål Hardanger Fjord om presentasjon med ein monter på eige Hardangerfjord-areal i turistinformasjonen i Bergen (samarbeid med 4 andre verksemder i Eid fjord).

• Messer / workshops: Destinasjon Eid fjord deltok ikkje på messer eller workshops i 2014.

• Presse- og visningsturar: Destinasjon Eid fjord har lagt til rette for, vore verkskap, reiseleiar eller presentert ved fleire visningsturar for cruisemarknaden, turopørar, samt presse/TV i 2014.

Vinnrar av leik og loddosal 17. mai 2015

Loddbok:

NR	Premie	Sponsor
1	Ipad mini	
2	Paragliding/tandemtur	
3	3.timars kajakk padeltur for 2 personar FlatEarth	
4	Bunadsøyredobbar Hardanger flid	
5	Smykke Unik	
6	Middag for 2 personar i Hardangerviddahallen restaurant	
7	Fruktkorg Coop Eidfjord	
8	Middag for 2 personar Måbødalens kafe/Viltkroa	
9	Drill BH-Bygg Bjarne Holsen	
10	Middag for 2 personar Liseth Pensjonat	
11	2 badehåndklede m/namn Syskrinet	
12	3,5 kg fjellaure Hardanger fjellfisk	
13	Middag for 2 personar Quality hotel	
14	Fruktkorg Joker Eidfjord	
15	Middag for 2 personar Eidfjord Fjell og Fjord Hotel	
16	Gåvekort Sabrina Terapimassasje	
17	Gåvekort kr. 500,-Gløyp spiseri, Kinsarvik	
18	Gåvekort Vik pensjonat	
19	Kaffi og kake til 4 personarBu Kafé	
20	7. dagars Skikort Hardanger vidda ski og fjellsport AS	
21	Gåvekort Thai Take Away	
22	Sekk m/diverse Mikkelparken	
23	Sykkelsekk Økonomiservice	
24	Termokopp Norconsult	
25	Blomst Kinsarvik Blomar	

Vinnar
Okapi Trude Herstad
Knut Johan Medhus
Sara H. Sandven

Johanna Håbrekke

Ingrid Ane Lægreid

Sigrun Lægreid

Margun Lægreid

Mathilde Limstrand

Gunnar Lægreid

Torgeir Hovland

Vetle Hauso

Erlend Eide

Marta Johannessen

Terje Sandstål

Eirin Sæbø

Hildegunn Weum

Emil Phalm

Sigrid og Olaf Bu

Silje Malene Håvik

Terje Monsen

Leif N. Hereid

Maren Viveli

Tina Varberg Odland

Fam. Magnar Hereid

Nils Garen

Mathilde M. Hole

Luftgevær:

NR	Namn	Poeng
1.barn	Teodor Stavanes	42
2.barn	Elise H.Wathne	34
1.voksen	Jan Tore Kvale	42
2.voksen	Torgeir Myrvang	41

Spikarslag:

NR	Namn	Slag
1.barn	Tobias Fjetland	4
1.barn	Teodor Stavanes	4
1.dame	Solveig Varberg	2
2.dame	Johanna Håbrekke	3
1.herre	Roald Sandven	2
1.herre	Jostein Hovland	2
1.herre	Einar Håvik	2

Pilkast:

NR	Namn	Poeng
1.barn	Vilde Stavanes	84
2.barn	Emil Fjæreide	76
1.voksen	Tor Magnus Fjetland	110
2.voksen	Einar Håvik	80

Hesteskokasting:

NR	Namn	Poeng
1.barn	Tivio Bouvain	14
2.barn	Svein Egil Johannessen	12
3.barn	Kaia H. Herland	7
1.voksen	Ragnar Erdal	28
2.voksen	Tommy Eriksen	21
3.voksen	Elena Braienske	16

Natursti:

NR	Namn
1	Susann, Malin, Cecilie og Marianne
2	Svein Egil Johannessen
2	Katrine, Hildegunn, Hanne, Sunniva og Amanda

Spekeskinke:

NR	Namn
1.	Olaf Bu

Seigmenntipping:

NR	Namn
1	Sveinung Tveit

Konebering:

NR	Namn
1	John Magne og Cecilie
2	Nick og Karianne



Her er bilete av dei flotte gipsdukene dei har laga på SFO. Foto: Iselin Kleiveland



1 Stolt ordførar og flott tog.

FOTO: Gunnvor Hopen Veka

2 Reidar Gjøtterud held tale for dagen.

FOTO: Gunnvor Hopen Veka

3 Kva heiter den minste maurarten i Mongolia?

FOTO: Eirik Sæle

4 Folk kosar seg med ulike aktivitetar

FOTO: Manfred Menze

5 Ser lovande ut dette her

FOTO: Manfred Menze

6 No må de fylgja med karar - slik skal det gjerast!

FOTO: Eirik Sæle

7 Det er ikkje berre folk som pyntar seg på 17.mai

FOTO: Eirik Sæle

8 Fortida og framtida i Eidfjord.

FOTO: Eirik Sæle

9 17. mai-moro for Isak Myklatun Eriksen på 11-årsdagen.

Styltegåing er ein god gamaldags aktivitet

FOTO: Fritjof Myklatun

10 Her gjeld det å treffa spikaren på hovudet.

FOTO: Eirik Sæle

11 Barske karar

FOTO: Eirik Sæle





Rimelegare barnehage for hushald med låg inntekt.

Frå 1. mai 2015 skal ingen familiar betale meir enn seks prosent av inntekta si for ein barnehageplass. Samstundes blir maksimalprisen auka med hundre kroner til 2580 frå same dato.

Regulert i forskrift om foreldrebetalning

Den nasjonale ordninga for reduksjon i foreldrebetalninga er regulert i forskrift om foreldrebetalning i barnehagar. Betalinga skal bereknast ut frå hushaldet sin samla skattepliktige kapital- og personinntekt. Sjølvmeldinga (ne) skal leggjast ved søkerne, og det blir som hovudregel søkt for eit år om gongen. Både reduksjon av foreldrebetalninga og maksimalprisen er minimumsordningar. Kommunane står fritt til å ta lågare betal-

Spørsmål og svar om nasjonal ordning for reduksjon i Foreldrebetalninga for ein barnehageplass

Frå 1. mai 2015 skal ingen hushald betala meir enn 6 pst. av inntekta si for ein barnehageplass. Målet med forskriftsentringsane er å innföra en betre sosial profil på foreldrebetalninga i barnehagen, og legga til rette for at fleire kan nytta tilbodet om barnehageplass gjennom å senka prisen for familiar med låg inntekt.

Kva for inntekter skal reknast med?

Foreldrebetalninga skal bereknast ut frå hushaldet si samla skattepliktige kapital- og personinntekt. Som hushaldseining reknast; ektefeller, registrerte partnarar og sambuarar. Som sambuarar reknast to uigife personar over 18 år som bur saman, og som har budd saman i eit ekteskapsliknande forhold i minst 12 av dei siste 18 månedane, eller har felles barn. Bur eit barn fast hos begge foreldrene, skal foreldrebetalninga bereknast ut frå inntekten i hushaldet der barnet er folkeregistrert.

Eidfjord kommune

Seknad om redusert foreldrebetalning i barnehage
Jf. Forskrift om foreldrebetalning i barnehage §3
Nasjonal ordning for reduksjon av foreldrebetalninga gjeld frå 1. mai 2015.
Ingen hushald skal betala meir enn 6 prosent av inntekta si for ein barnehageplass.

Opplysninger om barnet	
Barnet sitt namn	
Fødselsdato	
Barnehage	
Søknaden gjelder for perioden	
Namn på sykken med plass i barnehage	
Foreldrebetalning i hushaldet Foreldrebetalninga skal reknast ut frå hushaldet si samla skattepliktige kapital- og personinntekt. Som i hushaldet vertr reina ektefellar, registrert partnarar og sambuarar.	
Namn	
Namn	
Hushaldet si samla skattepliktige kapital- og personinntekt Jf. Sjølvmeldingspunkt 2.1 og 3.1	
Kopi av sjølvmeldinga for siste år skal ligge ved søknaden for at han skal verda handsame. Manglar du sjølvmelding, ta kontakt for å avtala krav til gyldig dokumentasjon av inntekt.	
Underskrift (føresatt)	
Stad	Dato
Føresatt si underskrift	

Kva for dokumentasjon må leverast med søkeren?

Sjølvmeldinga(ane) skal leggjast ved søkerne som dokumentasjon. Sjølvmeldinga vil normalt innehalda dei fleste skattepliktige kapital- og personinntekter. Dersom nokon ikkje er registrert på sjølvmeldinga av skattepliktig person- eller kapitalinntekt, er søker pliktig å opplysa om det. Som hovudregel skal søkeren vare for eitt barnehageår av gongen.

Må alle søkja reduksjon på nytt frå august?

Denne ordninga trer i kraft 1.5.15, grunnlaget vil vera det samme til august 2015. Siden det er samme dokumentasjon som for barnehageåret 2015/2016, kan vedtak om foreldrebetalning frå mai 2015 vare til juli 2016.

Kva med dei som ikkje har sjølvmelding? Dersom nokon ikkje kan legja frem sjølvmelding, t.d. som følge av kort butid i landet, kan han leggja frem anna dokumentasjon for inntekt.

Kva om inntekta er endra frå foregående år?

Søker kan legja frem anna dokumentasjon for inntekt, eller søkja undervegs i året dersom det er ei vesentleg og varig endring i inntekta til hushaldseininga

Berekning:

Dersom eit hushald foregående år hadde person- og kapitalinntekt på 350 000 kr, skal ikkje foreldrebetalninga utgjera meir enn 350 000 kr * 6 % = 21 000 kr pr. år. Med 11 betalingsmånader i barnehagen, er foreldrebetalninga pr. månad 1 909 kr. Dersom hushaldseininga har fleire barn i barnehage, skal ho få søskensmoderasjon for dei andre barna. For barn nummer to i barnehagen skal hushaldet betala 70 pst. av det den betaler for det første barnet, altså 21 000 kr * 70 % = 14 700 kr pr. år, eller 1 336 pr.månad. For tredje eller fleire barn skal hushaldet betala 50 pst. av det den betaler for første barn. Det betyr i dette dømet 21 000 * 50 % = 10 500 kr pr. år, eller 954 kr pr. måned.

Korleis heng dette saman med forslaget om gratis kjernetid for 4- og 5-åringar?

Kunnskapsdepartementet har nyleg hørt eit forslag om at alle 4- og 5-åringar i familiar med inntekt under 405 000 kr. i året skal ha rett til 20 timer gratis barnehage pr. uke. Dette er foreslått innført frå 1. august 2015. Det er også foreslått at same inntekter og same dokumentasjon skal nyttast for ordninga med gratis kjernetid, som for det nasjonale minstekravet som vert innført 1. mai. Kunnskapsdepartementet og Utdanningsdirektoratet vilkoma med meir informasjon når forslaget om gratis kjernetid er ferdig handsama i løpet av juni.



Nasjonal ordning for reduksjon av foreldrebetaling gjeldande fra 01.05.15

1. Ingen hushald skal betala meir enn 6% av inntekta si for ein barnehageplass.
2. Det vert gjeve syskenmoderasjon på 30% i foreldrebetaling for 2. barn og 50% for 3. barn eller fleire.
3. Hushald vert definert som ektefellar, registrerte partnarar og sambuarar. Dei som kjem inn under denne ordninga er ektepar / sambuarar, forsørgjarar med delt omsorg og einslege forsørgjarar.
4. Den samla inntekta til hushald er utgangspunkt for redusert foreldrebetaling.

Foreldrebetalinga skal reknast ut frå hushaldet si samla skattepliktige kapital- og personinntekt.

Siste års sjølvmelding vert brukt som dokumentasjon.

Manglande sjølvmelding, t.d. som følgje av kort butid i landet, kan kompenseraast med annan dokumentasjon som lønnslipp eller liknande.

5. Søknad og siste års sjølvmelding skal leverast barnehagen.

6. Redusert foreldrebetaling trer i kraft månaden etter at vedtak er fatta.

7. Vedtaka gjeld for 1 år. Etter 1 år må det søkjast på nytt med ny dokumentasjon.

8. Alle hushald som får endra den økonomiske situasjonen sin, eller sivile status, pliktar å opplysa om dette.



BILUTLEIGE

I Eidfjord

Frå kl. 08.00 med levering
tilbake før kl. 20.00 kr. 1500,-

Frå kl. 14.00 med levering
tilbake før kl. 20.00 kr. 1000,-

Eigen pris for lokale pr.
dag kr. 800,-

Andre utleige prisar/tider utanom
desse, blir avtalt hjå oss når du kjem.



PROGRAM KULTURFJORDENS KAMMERSERIE 2015

Konsertar i Galleri N. Bergslien kl. 19.30

5. JULI: SOMMARSONGAR:

Opningskonsert med Inger-Kristine Riber, piano,
Sølvi Elise Halvorsen, song, songgruppa Harmoni mfl.

12. JULI: FRA DEMOLLSTEMTE SKOGER:

Tonesette dikt frå Hedmark med Tove Hagen, song, cello og fele,
Annar By, gitar og song, Hege Nylund, ukulele, autoharpe og song.

19. JULI: SCHUMANN: LIEDERKREIS & DICHTERLIEBE:

ØRJAN HARTVEIT, baryton og Giorgia Alessandra Brustia, piano

26. JULI: PIAF – LA VIE EN ROSE:

Sølvi Elise Halvorsen, song, Inger- Kristine Riber, piano,
Heidi Luosujärvi, akkordeon

EKSTRA:

29. JULI: OLSOKKONSERTIG AMLE EIDFJORDKYRKJE:

Midnattskonsert med folketonar og segn frå nær og fjern

Søknad om motorferdsel

Husk og søkja i god tid på motorferdsel i utmark, helikopterloyve. Bruk skjema på kommunens heimeside og husk og føra på Gnr. og Bnr. på søknaden.

Reglane for bruk av vannscooter:

Det er tillate og bruka vannscooter når ein er 400 m frå land Transport frå land ut til der ein kan kjøre skal være kortaste veg og ein må kjøre rolig ut. Det er forskrift om bruk av vannscooter som regulerer aktiviteten.



Mix Kroa AS

INNLEIING

15. mars d.å. vart Hege Marie Tveit tilsett som dagleg leiar ved Mix Kroa as. Ho overtok då driftsansvaret etter Arnulf Indrebø. Selskapet endra då også navn frå Mix Mett og Go til Mix Kroa as. Mix Mett og Go – Eidfjord, vart samstundes skilt ut som eigedomsselskap. Arnulf eig og driftar Mix Mett Og God åleine. Hege og Arnulf har 50% kvar av aksjane i Mix Kroa AS. Selskapet leiger areal hjå eigedomsselskapet. I samband med ovannemnde har me avtala ein liten prat med Hege Marie.

UTDANNING / PRAKSIS

Hege Marie fortel at ho er fødd (1989) og oppvaksen i Eidfjord. I 2008 gjennomførte ho examen artium ved Voss Gymnas. Deretter arbeidde ho som butikkmedarbeidar ved Sylvsmidja as – Voss. Ho har vidare eksamen frå Norsk Frisørskule i Bergen samt frå reiselivsskule i Tyrkia.

I januar 2010 vart Hege Marie tilsett ved Eidfjord Fjell og Fjord Hotel. Her arbeidde ho fram til august 2013. Hege Marie har elles vore ekstrahjelp ved Quality Hotel & Resort Vøringsfoss – Eidfjord. I mai 2014 fekk ho, heilt tilfelleleg, arbeid ved Mix Mett og God – Eidfjord.

TILSETTE / ARBEIDET

Me spør om kor mange tilsette her er ved Mix Kroa as. Hege Marie fortel at utanom ho arbeider også Sinan Sayfi og Arnulf Indrebø i full stilling. Selskapet skal elles ha tre sommarvikarar. To jenter kjem utanbygds frå medan ein gut er ifrå Eidfjord.

Me spør om kva Hege Marie synest setja mest pris på i arbeidet sitt. Ho fortel engasjert at ho vert svært inspirert og glad når ho kan jobba med menneske både frå inn- og utland og gjerne få praktisera språkkunnskapane sine. Elles set Hege Marie pris på at kvardagen hennar er svært variert m.o.p. gjeremål. Ho vil elles vektlegga eit godt samarbeid med Arnulf. Ho kan fortelja at han har gjeve

Ny dagleg leiar



**NAVN: HEGE MARIE TVEIT
(26)**

henne tillit frå første dag og vore ein god lærarmeistar. Hege Marie vil og gje skryt til Sinan Sayfi som ho meiner er ein svært god medarbeidar med stor arbeidskapasitet.

Her er ein svært travel arbeidsdag ved Mix Kroa om sommaren samt i samband med ulike arrangement i bygda. Hege Marie kan fortelja at her då ofte vert servert 40-50 matrettar i timen. Det vil såleis vera naudsynt med sommarhjelp for å kunna gjera dette arbeidet. Elles har Mix Kroa tilbod om diverse tippespel. Her er ofte faste kundar som kjem innom for å slå av ein prat i kvardagen over ein

kopp kaffi og litt pengespel. Dei synast å lika seg her. Hege Marie set og pris på desse som kjem innom nesten dagleg. Me spør vidare Hege Marie om positive og negative sider ved Eidfjord som bu- og arbeidsplass. Ho synest her er eit svært gjennomsiktig samfunn på godt og vondt. Ho likar seg imidlertid så godt i bygda at ho no har planar om husbyggjing i Øvre Eidfjord.

KOMPETANSE / PLANAR

Me spør om Hege Marie har gjennomført eller har planar om ny kompetanse i samband med arbeidskvardagen. Ho fortel at ho er byrja studera ymse fag. Ho nemner her «Kunnskapsprøven» for skjenking av alkohol, etablerarskulen, kurs ved Norsk Tipping samt kurs i helse-, miljø- og sikkerheit (HMS). Hege Marie vil elles leggja til at Arnulf har hjelpt henne mykje både med teoretiske og praktiske spørsmål knytt til drifta av Mix Kroa AS. Hege Marie har ingen konkrete planar med omleggjring av drifta eller lokalitetane.

Ho meiner her vore gjort så mykje tidegare med t.d lokalet at det ikkje vil vera naudsynt med nokon endringar.

OPPSUMMERING

Me har møtt ei blid, pratsom og engasjert ung dame som synest vera svært opptekten av arbeidet sitt, medarbeidarane sine og dei oppgåver og utfordringar som er knytt til vidare drift av Mix Kroa AS. Ho likar seg så godt i bygda at ho no vil bygga seg nytt hus i Øvre Eidfjord. Hege Marie ser fram til å flytta inn i dette til jol.

Arnulf Indrebø har, gjennom samtal, gjeve uttrykk for at han har stor tillit til Hege Marie og trur at ho vil kunna vidareföra drifta ved Mix Kroa AS på ein svært god måte når han no sjøl trappar ned etter å ha arbeidd her sidan 1986.

Me takkar Hege Marie for samtalens og vil ønskja ho og medarbeidarane lukka til med ein travel sommarsesong samt framtidia elles ved Mix Kroa AS.



Endring i motorferdsellova frå 7. mai 2015

Efter mange runder vedtok Stortinget endring av motorferdsellova 7. mai dette året. Endringa opnar for såkalla rekreasjonsløyper i utmark. Desse løypene skal vera regulerte og det vert ikkje opna for fri køyring. All trafikk skal etter lova halda seg til bestemte løyper og det er berre i svært avgrensa område ein kan leggja løyper.

Eidfjord kommune var tidleg ute og ynskja å delta i det som først vart lansert som eit prøveprosjekt. Motorferdselutvalet i Eidfjord har arbeidd mykje med å få til desse løypene. Men det syner seg diverre at løypene er svært vanskeleg å få til i Eidfjord kommune. I lova er det ein del føringar mellom anna at løypene ikkje skal leggjast i verneområde, føreslattede eller nasjonale villreinområder. For Eidfjord sitt vedkomande er meste parten av området over 700 meter villreinområde med unntak av Sysendalen og Isdal. Fylkesmannen og Stortinget har vore klare i sine utsegner at ein ikkje kan gjera unntak frå denne regelen.

Det er heller ikkje aktuelt å leggja løypa i Sysendalen då det i lova ligg føringar om

at ein skal ta omsyn til bustad- og hytteområde, landskap, kulturminne, støy og ulemper for friluftsliv. Då motorferdselutvalet arbeidde med løypene, vart Simadalen sameige kontakta og dei gav klart svar på at dei ikkje ønska skuterløyper i Isdal.

På bakgrunn av alle desse avgrensingar ser det ikkje ut til at det vert rekreasjonsløyper i Eidfjord kommune med det fyrste.

Vesentlige endringar i ny motorferdsellov 2015:

§4a (forskrift om bruk av motorkjøretøy i utmark og på islagte vassdrag) Departementet kan gi kommunestyret, eller annet folkevalgt organ som kommunestyret bestemmer, myndighet til i forskrift å fastsette løyper for kjøring med snøscooter på vinterføre. I kommunene Finnmark og Nord-Troms (kommunene Kvænangen, Kåfjord, Lyngen, Nordreisa, Skjervøy og Storfjord) omfatter myndigheten også adgang til i forskrift å tillate kjøring ut av løypa på islagt vann for å raste.

Løypene skal ikke legges i verneområder, føreslattede verneområder eller nasjonale villreinområder. Løypene skal ikke være til vesentlig skade eller ulempa for reindriften eller kreve terrengeinngrep. Ved fastsetting av løypene skal kommunen ta særskilt hensyn til støy og andre ulemper for friluftslivet. Kommunen skal også ta hensyn til naturmangfold, bolig- og hytteområder, landskap, kulturminner og kulturmiljø og sikkerheten for dem som kjører og andre. Før fastsetting av løypene skal kommunen utrede virkningen løypene vil ha for friluftsliv og naturmangfold i influensområdet, samt kartlegge og verdsette friluftslivsområdene der løypene planlegges, og vurdere betydningen av disse områdene opp mot øvrige friluftslivsområder i kommunen.

Departementet kan i forskrift gi nærmere regler om løypene og kommunens saksbehandling, herunder regler om klage på kommunens vedtak om fastsetting av løyper etter andre ledd.

Nye byggje-reglar frå 1. juli 2015

Eid fjord kommune gjer merksam på at det frå 1. juli 2015 vert innført nye byggjeregler, jf. endringar av plan- og bygningslova. Reglane har i lang tid vert omtalt i sentrale media der mykje av informasjonen har vore både upresis og villeiande. Med bakgrunn i dette ynskjer Eid fjord kommune at alle som går med planar om å byggja etter nye reglar, set seg godt inn i dei før dei set i gang.

Direktoratet for byggkvalitet har på sine sider: (www.dibk.no) laga mykje bra informasjon om dei nye reglane. Her finn de rettleiing og vegvisarar som skal hjelpe dykk til å vurdera eigne saker, og Norsk kommunalteknisk foreining (NKF) har utarbeidd 12 informasjonsark som ligg gratis tilgjengeleg der. Informasjonsarka inneholder informasjon om kva tiltak som må søkjast om og kva tiltak som er unntakseke søknadsplikt. Informasjonsarka kan de også få på papir dersom de tar kontakt med tenestetorget i Eid fjord kommune. Eid fjord kommune vil på eigne heimesider leggja link til Direktoratet for byggkvalitet sine sider: www.dibk.no



Hardangerrådet iks



P R E S S E M E L D I N G NY DAGLEG LEIAR I HARDANGERRÅDET

Styret i Hardangerrådet iks har tilsett Jostein Eitrheim i stilling som ny dagleg leiar i Hardangerrådet iks. Leiv Anders Vambheim har etter 14 år i stillinga valgt å pensjonera seg til hausten. Jostein Eitrheim er busett i Odda, gift og 57 år. Han er i dag tilsett i Odda kommune som teknisk sjef/næringssjef. Tidlegare har han i mange år vore tilknytt ulike busselskap som Odda Rutebuss AS, HSD Buss AS og Tide Buss AS. Han har også røynsle som sjølvstendig næringsrådgjevar. Jostein Eitrheim har brei leiarserfaring og har hatt ansvar for prosjektadministrasjon, og som innleigd rådgjevar for kommunale- og fylkeskommunaleorgan.

Som ny dagleg leiar i Hardangerrådet vil Jostein Eitrheim vera svært sentral som koordinator mellom dei sju Hardangerkommunane sine ordførarar og rådmenn.

Styreleiar Toralv Mikkelsen er svært glad for at så pass mange velkvalifiserte søkerar viste interesse for den utlyste stillinga og at Jostein Eitrheim i dag har takka ja til å ta imot tilbodet frå Hardangerrådet iks. Kontorstaden til Hardangerrådet er Kinsarvik. Den nye daglege

leiaren tek til i stillinga 1. september.

Kinsarvik, 22. mai 2015
Toralv Mikkelsen
Styreleiar HR iks
Mob.tlf. 482 30 282

Hardangerrådet IKS
Tlf.:53 67 14 50

Pb 78, 5782 Kinsarvik
ORG: NO 980 045 412

Kjobergbygget
Bank: 3450.35.55168


post@hardangerraadet.no
www.hardangerraadet.no

TEKST: Gunn Marit Lægreid, leiar i historielaget

Tur til Hjølmo

Vêret var heller kaldt og det regna. Men det gjorde visst ingenting for 18 personar møtte fram. Då me kom til Hjølmo var flagget oppe ved det eine huset. Me skjøna fort kvar me skulle. Stova var varm og det var tente ljós. Berit tok imot oss og serverte kaffi og lappar i den vesle koselege heimen. Ragnhild Herstad og Lars K. Myklatun fortalte og synte bilet. Det vart fortalt m.a. om folka som budde der, gamlevegen og skulevegen. Når straumen og telefonen kom. Fråflyttinga, turiststasjonen og kafédripta som varte i 10 år. Buføre og sårføtte grisar. Dei fleste hadde minne herifrå og dirfor vart det rødd om mangt og spørsmål var mange. Eg seiер som Bruaset; Hjølmo er "ein stad der

ingen skulle tru at nokon kunne bu". Me takka for oss, og var samde om at dette var ei koseleg stund.



Årets pilegrimar

har denne gongen vore Klimapilegrimar

På pilegimsturen som gjekk av stabelen siste helga i mai hadde me som mål å få ned mengda søppel og ha fokus på klima. Til vanleg når me drar på tur, gjeng alt av søppel usortert i søppelsekkar. Målet var å få ned mengda restavfall så det kunne få plass i eit syltetøyglas. Her er resultata frå årets tur:

Det som blei av restavfall var eit par små ting i botnen av syltetøyglaset. Resten av søppelet vart sortert. Det blei ein halv sekkr med plast. Ein vanleg plastpose fylt 1/3 med papir, me grov ned ei halv bøtte med bioavfall laurdag og ein heil bøtte bi-avfall på sundag. Me hadde med eit par metallboksar frå makrellpålegg i ei bøtte som skal til metallgjenvinning. Mjølkespann med ekte mjølk frå fellesfjøset var kjempepopulært. Lokal geitepølse var alle ville etter. Det blei laga ein nydeleg lapskaus i tre store gryter og alt forsvann. Ungdomane hadde med eit heimebaka brød pakka inn i handklede. Me laga vårt eige miljøvenlege oppvaskmiddel.



Her er heile gjengen ved målet i gamlekykja . Elise held syltetøy Her er heile gjengen ved målet i gamlekykja . Elise held syltetøyglaset med restavfall glaset med restavfall

TEKST: Kjell Arild Kvale FOTO Frede Olaussen

Vass- og avlaupstrassé

Den 2. juni starta arbeidet med vass- og avlaupstrassé frå Rypebrotet til Garen og vidare i 2016 til Liseth-krysset. Implenia Norge AS er hovudentreprenør på prosjektet. Arbeidet vil gå fram til utgangen av november i år og vidare neste vår til Liseth-krysset. Prosjektet skal vera ferdig og overlevert ved utgangen av 2016.



Første spadetak er gjort i prosjektet.

EIDFJORD BRANNVESEN

- eit godt døme innan deltidsbrannvern

8 GODKJENTE RØYKDYKKARAR

Då eg starta med dei fysiske testane av brannmenn i Eidfjord kommune, var det ingen som bestod testane for å kunne verte godkjent som røykdykker.

Men så, året etter – kunne eg godkjenna to stykk! Slik har det auka år for år. Og i 2015 har me åtte godkjente røykdykkarar – dvs. halvparten av brannmannskapa.

Desse testane er standartestar for alle brannmenn, fulltidsbrannmenn og deltidsbrannmenn. Desse testane skal gjenomførast ein gong i året.

Min bakgrunn og kompetanse for dette er fagleg, eg kjenner det frå fulltidsbrannvesenet, då eg har undervist Drammen brannvesen i treningslære opp mot denne spesielle testen. Difor engasjerte eg meg i brannmannskapet i Eidfjord.



Eg er svært glad for å sjå den utviklinga Eidfjord brannvesen har hatt.

Dei fortener honnør for at dei har teke tak sjølve og trent seg opp på eige hand. Dei har synt stort engasjement for å gjera innbyggjarane i Eidfjord trygge.

Eg har vore streng, men eg ser ingen grunn til å lempa på krava. Skal ein vera røykdykker, må innbyggjarane og kollegaene veta at dei er fysisk sterke nok til å klara eit brann- eller redningsoppdrag. I lag med brannvernleiinga ynskjer eg å arbeida for at enno fleire kan delta og bestå denne testen årleg!

Stor honnør til Eidfjord brannvesen!

HARDANGERVIDDA NATURSENTER.NO

EIDFJORD



ET SPENNENDE
OPPLEVELSESSENTER
FOR NORSK NATUR
KLIMA OG MILJØ

A MODERN EXPERIENCE
CENTRE FOR NORWEGIAN
NATURE, CLIMATE
AND ENVIRONMENT

EIN MODERNES
BESUCHERZENTRUM
FÜR DIE NORWEGISCHE
NATUR, KLIMA
UND UMWELT

ÅPNINGSTIDER

April - oktober:
10:00 -18:00

15. juni - 20. august:
09:00 - 19:00

OPENING HOURS

April - October:
10:00 -18:00

June 15. - August 20.:
9 AM - 19 PM

ÖFFNUNGSZEITEN

April bis October:
10 bis 18 Uhr

15. Juni bis 20. August:
9 bis 19 Uhr

Hardangervidda Natursenter Eidfjord, N-5784 Øvre Eidfjord, Norway
P +47 53 67 40 00 | www.hardangerviddanatursenter.no

KYRKJEVALET 2015

Måndag 14. september 2015 er det kyrkjeval.

Her er kandidatane til soknerådsvalet i Eidfjord:

Røystestad
Eidfjord, kommunehuset
kl 10.00 – 20.00

1. Sigrid Bu
2. Hans Hellevang
3. Tor Bu
4. Bjørg Målfrid Hereid
5. Kjellaug Enge
6. Marte Malterud Seip
7. Solveig Liseth Vik
8. Torolv Lægreid
9. Tonje Guldbrandsen Skår
10. Jostein Hovland
11. Liv Bente Stakseng

Medlemslista til Eidfjord kyrkje vil liggja til offentleg ettersyn på kyrkjekontoret.

Det er viktig å sjekka at du står i medlemslista, då dette er eit krav for å få røysta til kyrkjevalet.

Krav om retting av feil, krav om å førast inn i- eller strykast frå manntalet, må sendast skriftleg og skal stilast til: Eidfjord kyrkje, postboks 23, 5786 Eidfjord. Ta elles kontakt for spørsmål.

Førehandsrøysting

Skjer på kyrkjekontoret mellom klokka 09.00 og 15.00 følgjande tysdagar: 25. august, 1. september og 9. september.

Torsdag 10. september kan du førehandsrøysta på Bygdaheimen mellom kl. 10.00 og 14.00

GODT VAL !



TEKST & FOTO: Vidar Riber

Påbygg av skyttarhuset på skytebana i Øvre Eidfjord

Skyttarlaget har i fleire år planlagt eit lite påbygg på skyttarhuset på skytebanen for å få litt større lagerplass og for å få bygd til eit par toalett. Arbeidet byrja på ettersommaren i fjor og har halde fram heilt til no i vår med litt varierande innsats i periodar. Framleis står det att litt arbeid med beising og å få lagt shingel på taket. Heile tilbygget er på om lag 30 kvadrat, der oppholdsrommet inne er utvida med ca 14 m². Lageret i bakkant av huset er på 10 m² og toaletta ca 3 m² kvar.

Det er bora etter vatn og lagt ned lukka

tankar for avlaup. Det å få innlagt vatn og skikkelge toalett er heilt nødvendig dersom laget skal arrangera større skytestemne framover.

Heile påbygget og opprustinga har kosta om lag kr 200000. I tillegg kjem ca 500 dugnadstimar fra 20 av laget sine medlemmar. Skyttarlaget har fått stønad frå Sparebankstiftinga med kr 80000,- og frå Eidfjord kommune med kr 60000,-. I tillegg har Hardangervidda Ski og Fjellsport støtta laget med div. utstyr i samband med installasjon av vatn og avlaup.

Utan desse bidraga hadde ikkje dette vore mogeleg. Skyttarlaget vil takke alle som har stått på og stilt opp for å få dette gjennomført, spesielt to spreke pensjonistar (Arvid og Ivar) som har brukt mykje av tida si i vinter/vår på skytebanen.

No ser me fram til å kunne ta bygget i bruk, i fyrste omgang i samband med trening og oppskyting til jakta i haust. Seinare i sommar skal laget arrangera samlagsstevne for Hardanger og Voss med ca. 120 skyttarar.

Sumarhelsing

frå Kulturkomitéen



Proffe musikarar vitjar bygdaheimen.

Kulturkomitéen vart starta i 2007, og Herrekubben, som heldt sitt fyrste treff i januar 2012, er jo ein del av Kulturkomitéens arbeid. I Kulturkomitéen og Herrekubben tek me som vanleg ikkje ferie, men freistar halda småarrangement til glede for mange – vonar me. Etter sumaren opnar me haustsesongen med å invitera «Den Gode Melodi», Nesodden-trubadurane Leif og Lars, som opptrer sundag 13. september klokka 16.15.

Leiar for Kulturkomitéen er Lars Hoel, og her deltek også Gunnvor Hopen Veka og Hans Hellevang i styret. I sjølve komitéen har ein også med seg fleire andre ressurspersonar.

Me er særstakksame viss det finst folk i bygda eller andre stader som kan hjelpe oss med å skapa underhaldning på Bygdaheimen. Song, musikk, biletframsyning og mykje anna kan vera fine innslag. Ta då kontakt med ein i styret: Kontakt-epost:

kulturkomiteen@outlook.com,

Det er lenge sidan jola, men me nyttar høvet til å takka alle dei som gratis stilte opp midt i ei travel joletid for å hjelpe oss med å skapa romjulsunderhaldning for 6. gong. Kvar dag klokka 16 åtte dagar i strekk kunne bebruarane hyggja seg med ulik underhaldning. Me takkar: Jenny Johnsen, Vibeke Johnsen, Svein Hop, Nina Herland, Johanna Maria Hereid, Mary Herland, Johanna Håbrekke, Eirik

Sæle, Tor Bu, Hanne Hellevang, Terje Monsen, Linda Vestli, Hans Hellevang og Einar Nesheim. Me nyttar også høvet til å takka kyrkja og dens medarbeidarar for det kontinuerlege arbeidet dei legg ned torsdagane på Bygdaheimen.

Faktisk går det frykteleg fort fram mot ei ny jol, så allereie no ber vi deg starta å tenkja på om du vert med også komande romjul. Fleire av aktørane har vore med oss i fleire år no, så me trur mange tykkjer det har vorte ein triveleg tradisjon å feira ein av joledagane saman med bebruarane. Gamalfilmfestival i januar 2016? To tidegare festivalar i Kinosalen har vore særskilte suksessfulle, og me vil freista å få det til også denne vinteren. Men då lyt Kul-



Blir ikkje Knut 105 år 28. august?



Den Gode Melodi fra Nesodden



Per Kvammen utanfor Hauge-senteret i Ulvik



turkomitén få hjelp. No treng ein å høyra frå deg som har gamle 8mm-opptak frå 70-talet. Det er berre fint om det er familielaterte opptak. Ikkje tenk at det ikkje har interesse. Ta kontakt. Sjølvagt er det også fint om du har tips til oss dersom du veit om andre som har teke opp 8 mm- eller 16 mm.-film for 30-40-50 år sidan.

Glade Amatørar-utstellinga i februar var ei storsatsing. KK kan ikkje seia anna enn at kunstutstellinga i Galleri N. Bergslien vart ein stor suksess. Det var veldig mykje folk på plass då opninga gjekk av stabelen, så det var tydeleg at bygdefolket ville oppleva kunstverka til Elsa Garatun og Ragnhild Kleivkås.

Herrekubben

Klubben har akkurat hatt ein fin tur til nabobygda, Ulvik. Turen, som var vårt 42. arrangement, gjekk i privatbilar, og

ein starta dagen på Olav H. Hauge-senteret nede på kaien. Ei interessant oppleveling! Etter slike strabasar var det velkome med lunch på Brakanes Hotel. Dei som var med på turen, var Samson Instanes, Lars K. Myjklatun, Arne Ramsdal, Per Kvammen samt leiarane Hans Hellevang og Lars Hoel.


Klubben treffest kvar einaste månad året rundt, og i sumar planlegg me mellom anna ein fjelltur.. Kan henda vert det også ein lengre tur over Vidda.

I Herrekubben er alle velkomne. Før hadde me krav om minstealder på 97 år ..., men no er alle og einkvar velkommen med. Ein får eige brev før kvart einaste treff, og ein kjem når det høver. Her finst inga møteplikt, og ein skal heller ikkje gje beskjed om ein kan eller ikkje. Så lettare kan det vel ikkje bli.

Klubben samlast oftast på tysdagar klokka 11.00 – 12.30 i Herrestovo i Service-

bustadene ved Bygdaheimen i vinterhalvåret, men sumarstid freistar me å ta turar til andre hyggelege plassar. Nokre riktig «slemme» eidfjordingar har kalla klubben for Vaffelklubben. Dette er fordi ein kvar gong ein er i Herrestovo, er så heldige å få herleg vaffelrøre frå Trude Herstad og dei andre på kjøkenet på Bygdaheimen. Men steika vaflane lyt Herrekubben klara heilt sjølve, og då luktar det freistande av kaffi og vaflar når karane kjem inn døra. KK og Herrekubben takkar også aktivitør Grethe Maurseth og leiar Gunn Sandvik for godt samarbeid og hjelp.

Vil du ha invitasjonsbrev, eller kjenner du nokon som kunne ha lyst til å koma seg ut or stova for å treffa framifrå kjekke, velgreidde karar i ein særslig uhøgtideleg atmosfære, så ta kontakt.



THOR SLETTØ

Mel.: Og reven lå under birkerot/Ingrids vise

Me reiser aust og me reiser vest
Over fjellet over fjellet
Me veit at 7'ern er aller best
over fjellet over fjellet
Frå hovudstaden te Bergen by,
ned Måbødal som har foss og stryk
over fjellet over fjellet
Tenk riksveg 7 med miljøtunnel
giennom fjellet gjennom fjellet
Då kosar reinen seg likevel
Oppå fjellet oppå fjellet
Ein veg som aldri blir vinterstengt,
og reinen ruslar der den hadde tenkt
Oppå fjellet oppå fjellet

Dei fraktar varer frå vest og aust
Over fjellet over fjellet
Ja summar, vinter og vår og haust,
Over fjellet over fjellet
Men blir dei hindra av storm og bris,
så legg eksosen seg som skoddedis
Over fjellet over fjellet

Du Solvik Olsen velg Riksveg 7
over fjellet over fjellet
Den beste stamvegen vil eg tru
Over fjellet over fjellet
Og Siv forbarne deg over oss
og pøs ut pengar som ein Vøringsfoss
over fjellet over fjellet

Ho Erna satsar på reiseliv
over fjellet over fjellet
Men då må vegen ha eurostil
Over fjellet over fjellet
Turistar legg att så mykje peng,
og gjev oss arbeid som vi alle treng
Oppå fjellet oppå fjellet.

For den er kortast og den er best
og den er billigast
frå aust til vest
over fjellet - over fjellet.

NATUREN SKJERMEST OG MILJØET VENN.